



Referat frå elevrådsmøte 02.09.2021

Desse møtte:

- 3.: Nikolas og Aisha
- 4.: Guro
- 5.: Marta og Julie
- 6.: Maia og Mudasir
- 7.: Theodor og Marcus
- Forfall: Elevrådsrepresentantane frå 2. årssteg

Elevrådsrepresentantane sine oppgåver

Rektor informerte om kva oppgåver representantane har: legge fram saker på vegne av heile årssteget, representere årssteget i ulike samanhengar, vere gode rollemodellar.

Elevrådet sitt mandat

Elevrådet kan snakke om alle saker som vedkjem skulen. Dei viktigaste sakene vil vere skulemiljøet til elevane. Dersom elevrådet ikkje er einige i ei sak, kan dei stemme i saka og fleirtalet får viljen sin.

Informasjon om Trygg i Fellesskap og Mobbeombudet

Rektor informerte om Trygg i Fellesskap og Mobbeombudet som skal sikre elevane eit godt og trygt skulemiljø. Det ligg god informasjon på skulen si heimeside og vi skal ta denne opp igjen på neste møte, og jamleg framover.

Saker frå årsstega

- Elevane meldte om fleire ting dei ynskte skal bli kjøpt inn av skulen: Karusellar, trampoline, volleyballbane. Det er innkjøpsstopp i kommunen, så desse store, dyre tinga kan vi diverre ikkje kjøpe. Skulen kjøpte inn ballar og hoppetau i vår, så desse må vi leite fram.
- Rektor skal snakke med skulebibliotekar om vi kan kjøpe inn fleire bøker om Nintendo-spel, Detektivbyrå nr 2-bøker og andre detektivbøker.
- Når vinteren kjem, skal vi sjå om vi kan få til TL-leiker inne i hallen.
- Vi skal ha kantine jamleg når vi er tilbake på grønt nivå.
- Elevar som har elektrisk sparkesykkel må ha førsterett på plassane under tak ved bosshuset.

Saker som skal takast opp på årsstega til neste møte

Kva skal til for at dette skuleåret blir godt for alle? Diskuter på årsstega!

Linda Selheim, rektor og referent

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258